



Frank Jakobsen med sju læreviljuge slagverkarar i Aktivitetshuset: Frå venstre Ole Martin Mehl frå Rosendal, Stian Myklebust frå Uskedalen, Julie Myklebust frå Uskedalen, Katrine Yri Røssland frå Uskedalen, Jakobsen, Margrete Vassliid Kaldestad fra Husnes, Sunniva Huneide Sæle frå Husnes og Espen Solend Karlsen frå Høylandsbygd. (Foto: Ola Matti Mathisen).

- Dette var gøy og eg vil svært gjerne fylgja opp dei unge trommeslagarane i Kvinnherad ved å komma attende til hausten.

Det sa Frank Jakobsen (52), ein av landets fremste trommeslagarar, til uskedalen.no etter at han laurdag hadde halde eit svært vellukka seminar i Aktivitetshuset for sju slagverkarar frå fire skulekorps i kommunen. Det var tre frå Uskedalen skulemusikk, to frå Husnes skulekorps, ein frå Rosendal skulekorps og ein frå Høylandsbygd musikkorps.



To av dei tre som no er i trommegruppa til skulemusikken i Uskedalen: Katrine Yri Røssland og Julie Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei fire er alle korps i kommunen som har slagverkarar i denne aldersgruppa. Ved å halda eit slikt seminar for ei musikargruppe har Uskedal skulemusikk ved Torunn Døssland gjort ein pionerinnsats som burde fylgjast opp av andre grupper. Kva til dømes med eit Kvinnherad-seminar for dei som spelar tuba? Men det er sjølv sagt også rett som det vart sagt at spesielt slagverkarar gjerne blir "underfora" og har eit større behov for påfyll av instruksjon enn andre korpsgrupper. Dei opplever svært mykje venting!

Deltakarane var rimelegvis svært spente foran møtet med den dyktige bergensaren. Men han hadde ein stillferdig og avslappa måte å vera pedagog på og det vart difor ein god og fruktbar kontakt mellom lærar og elevlar.

Frank Jakobsen har ikkje instruert skulekorpsmusikantar i særleg stor grad gjennom den lange og framgangsrike karriera si og han har ikkje vore instruktør i Kvinnherad tidlegare. Men han har spela ein god del i skulane her, seinast i fjor haust på Husnes og Valen.

- Deltakarane i seminaret er ganske ferske, dei har vore trommeslagarar i frå eit halvt til tre år. Men nettopp det gjer det interessant og spanande å vera lærar for dei, sa Frank før han starta opp att etter ei pause og inviterte elevane til å spela på kva som helst i lokalet. Det vart mange spanande lyder og klanger!
Elles vart naturleg nok mykje av tida nytta til opplæring i bruk av dei instrumenta som dei har til disposisjon i korpsa.

Vi spurde han om han snart har ei ny plate på gang, ettersom det er to år sidan han spela med Bergen Big Band og Karin Krog på ein CD.
Det ville han ikkje svara på og det var kanskje også eit svar.....

Av Ola Matti Mathisen



Her er det full fres, med Espen Solend Karlsen frå Høylandsbygd i fokus. (Foto: Ola Matti Mathisen)